

Årskavalkade august 2010

3. aug: Herretrimgeneral Åge Vanebo vart 50 år

4. aug: Stain Mork vart nummer i åtte i Mefjellet Opp med tida 1.08.41. Nils T. Skylstad tok fin andreplass (50-54 år) i nyskapningen Trollenykjen Opp, arr. av Eid IL, med tida 46.00

8.aug: Nancy Eggen vart åttande beste kvinne, og nummer to i klasse 40-44 år, i Saudehornet Rett Opp med tida 1.25.57. Eivind Fet tok sterk 3.plass i klasse 40-44 år med 1.11.43. Stian Mork vart nr.15 i klasse 23-39 år med 1.20.39, medan Widar Fure brukte 1.29.23 i sin debut.

Sverre Gunnar Brunstad vann Sognsvann Rundt Medsols, og var dermed tilbake i konkurranseform etter lengre skadeavbrot. Hilde Riksheim Tandstad stod over junior-NM på grunn av skade. Nils T. Skylstad vart nr 2 i klasse 50-54 under Fanaråken Opp, der han mellom andre slo Politiets Fellesforbund sin toppmann, Arne Johannessen.

14.aug: Nils T. Skylstad vart nr. 13 av knappe 50 utøvarar i klasse 50-54 år i Skåla Opp, med tida 1.43.11. I alt 1730 deltakarar. Dei utflytte velledalingane Trygve Brunstad og Edvard Lie var mellom deltakarane i Jordmormarsjen med målgang i Muldal.

15.aug: Jan Halvard Holmøy og Håkon Fedt var raskast på sykkel under Fetvatnet Rundt. Tidene var høvesvis 14.51 og 15.30. Hjellegjerde tok dobbelsiger på løpssida ved Odd Lennart Lien (35.52) og Sveinung Grebstad. Som vanleg sosialt og triveleg i hageparken til Turid og Pål Rune Fet.

16.aug: Hilde R. Tandstad sikra seg andreplassen samanlagt (lange løp) i krinscupen etter to tredjeplassar på Straumsnes på Nordmøre. – Forma er diverre ikkje den beste. No må eg jobbe hardt for å kome tilbake i bra slag under UM, samt bli kvitt nokre småskadar, sa Hilde til VIL-nett.



16.aug: Melde vi at Kenneth Fet dagen før var innom alle trimpostane på same dag. 15 timar og 36 minutt brukte han på den imponerende turen som totalt gav 110 trimpoeng. – Eg kjenner på kroppen at den har vore med på noko den vanlegvis ikkje plar gjere, sa Kenneth undervegs på den siste transportetappen frå sætreelva i Holemarke til Fet.



17.aug: Velledalen IL vart nummer 8 i krinscupen i friidrett (samanlagt) med 46 poeng. Alle poenga sank av Hilde – imponerande! Vinnar vart Tingvoll.

20.aug: Svært vellukka aktivitetsekveld på Dalemyra. Torje Bjørneseth vart beste morellesteinspyttar, Monica Hole beste sleggekastar, Lidvar Nilsen beste spydkastar, Per Gunnar Holmberg raskaste sprinter over 50 år, Kari Hjorthol beste kvinnelege hesteskokastar og Håkon Kjersheim Brunstad best i Null-løp (Sjå mykje meir under arkiv på VIL-nett).

24.aug: Trimgruppa arragerte tur til Patchellhytta. 30 velledalingar deltok i eit vellukka opplegg der dei fleste gjekk frå Liasætra på Stranda.



28.aug: Jan Halvard Holmøy og Rolf Haxthow representerte VIL under Birkebeinerrittet. Holmøy brukte 4.17.57 i sin debut, Haxthow 4.33.46. Per Steinar Linga, velledaling som representerer Sykkylven SK, var best av dei mange sykkylvingane i rittet med 3.19.18

Vi nemner òg at Christina Holmberg i slutten av august nådde toppen av Kilmanjaro saman med mellom andre Cecilie Skog.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.